

KORT OMTALE AV PROSJEKT SOM HAR FÅTT TILDELT KVALITETSUTVIKLINGSMIDLAR 2008

Skjemaet skal brukast som informasjon til nettstaden om kvalitetssatsinga i Helse Vest

Prosjektnamn Ungdom i drift (tidlegare mini-pøbel-prosjekt)
HF/avdeling/eining ansvarleg for prosjektet Helse Førde, Nordfjord BUP
Kontaktperson/prosjektleder Avdelingssjef Mary-Ann Refseth
Bakgrunn for prosjektet/hovudpunkt Vi får tilviste mange ungdomar med åtferdsvanskar. Desse ungdomane er vanskelege å nå med gode og verksame tiltak for både førstelinjetenesta og BUP. Dei fører til frustrasjonar og maktesløyse hos stort sett alle rundt dei, og mange av dei unge drifftar inn i eit negativt utviklingsspor med utstøying/marginalisering på fleire område i livet. Vågsøy kommune har slitt med vanskar på ungdomstrinnet i fleire år, og dei har satt inn ressursar for å motvirke den negative utviklinga. Vi vil i dette prosjektet satse på ungdomsskuletrinnet, både da dette er ein viktig fase for identitetsutviklinga, m.a. er vener og det sosiale viktig, samt at ungdomane ennå har rett og plikt til skulegang, slik at vi har ein arena å nå dei på.
Formål med prosjektet / forbetningsmål Vi ynskjer å finne måtar å nytte ressursane våre på som er til hjelp for disse unge. Ved ein liten BUP og i små kommunar har vi ikkje tilgang til dei metodane og ressursane som ofte anbefalast overfor alvorlege åtferdsvanskar. Vi vil sjå om vi kan plukke ut dei verksame prinsippa og sette dei inn i arbeidsmetodar som er tilpassa til våre forhold. Dvs. at vi nyttar dei ressursane vi rår over på ein mest mulig kostnadseffektiv og verksam måte.
Metodisk tilnærming / evaluering av effekt Vi ynskjer å bruke våre tradisjonelle metodar for kartlegging av vanskar og evaluering av effekten av tiltak. Utfordringa er å nå tak i og motivere ungdomane til forandring, og her ynskjer vi å satsa på miljø/feltarbeid. Vi vil sjå på kva vi faktisk gjer i dag, både lokalt og i spesialisthelsetenesta. Sjå kor "skoen trykkjer mest" for kvar einskild ungdom, og lage individuelle målsetjingar og tiltakspakkar. Effekten av tiltaka vil målast gjennom dei ordinære metodane som kvar etat i dag anvende.
Overføringsverdi/overføring av kunnskap til andre einingar i regionen Kva vi finn ut av som kan være verksame måtar å arbeide med åtferdsvanskeleg ungdomar i små kommunar, vil kunne være til nytte for andre som arbeider i distrikta. I Helse Førde møtast BUP-leiarane regelmessig og erfaringar kan utvekslas. Vi har og dialogkonferansar i BUP-feltet i Helse Vest der utveksling av erfaringar er mulig.